

Til medlemmar og varamedlemmar
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Protokoll frå møte i Villreinnemnda for Ottadalen

Møtedato : Torsdag 28.juli 2011
Møtestad : Union hotell, Geiranger, Stranda
Møtetid : 1100-1500

Desse medlemmane møtte:

Johan Berge	Marit Tynnøl
Jostein Tafjord	Øystein Breie
Solveig Gråberg	Inger Line Kammen

Kunne ikkje møte: Tom Erik Damstuen kunne ikkje møte. Varamedlem Anne Sjetne kunne heller ikkje møte.
Kari R.Hoem kunne ikkje møte.

Vararepresentarar til stades: Arne Hoem.

Sakliste:

09/11 Godkjenning av innkalling og sakliste

10/11 Referatsaker

11/11 Orienteringssaker

12/11 Høyring av nye jakttider for perioden 2012 - 2017

13/11 Fordeling av tiltaksmidla for 2010

14/11 Høyring av revisjon av forskrift om utøving av jakt, felling og fangst

Johan Berge
Leiar

Bjørn Dalen
Sekretær

Kopi til: Direktoratet for naturforvaltning, 7074 Trondheim
Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 6863 Leikanger

Saksnummer/år: 09/11	
Møtedato: 28.juli 2011	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksdokument: Skriftleg innkalling til medlemmane med vedlagt protokoll, sendt pr. e-post.

Innstilling:

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak:

Ingen merknader til innkalling.

Merknader til sakliste: Kjartan Kvien bad om å få orientere om arbeidet i utvalet som arbeider med utsetjing av rein i Luster. Dette vart godkjent.

Saksnummer/år: 10/11	
Møtedato: 28.juli 2011	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Referatsaker

1. Kommuneplan for Lesja kommune – 2. gongs høyring.
 - det er ikkje gjort endringar som vedkjem villreinområdet utover det nemnda høyrde i sak 03/2009.
2. Kommuneplan for Skjåk kommune – 2.gongs høyring.
 - det er ikkje gjort endringar som vedkjem villreinområdet utover det nemnda høyrde i sak 07/2010.
3. Epost dagsett 18.04.2011 til NVE om høyring av utbygging av vassdraga Ryddøla og Einbugga i Dovre kommune.
 - da baa desse sideelvene til Lågen ligg på nordsida av Gudbrandsdalen er ikkje høyringa relevant for Ottadalen villreinnemnd.
4. Kopi av brev frå Statens naturoppsyn til Ottadalen villreinutval dagsett 02.07.2011 – Tilskot villreinoppsyn 2011.
 - SNO har løyvd kr. 35.000 til villreinoppsyn for jaktåret 2011. Dette er i tråd med beløp som er løyvd kvart år frå 2006.
5. NINA rapport 643 – Villreinen i Ottadalen – kunnskapsstatus og leveområde – Rapporten som er laga for det regionale planarbeidet gje ei oversikt over mykje av historikken om villreinen i området. Rapporten blir delt ut i møtet.
6. E-post frå Statsskog v/Kjell Inge Skjerveggen, dagsett 13.04.2011, med ref .til e-post frå DNT::
"Hei igjen, jfr. tlf.samtale
Hermed bekreftes at vi aksepterer utsetting av fristen for fjerning av merkingen av stien mellom Illvatn og stikryss på Vetledalsbandet til **15. august 2011.**"
 - Da skulle denne saka, som har teke så langt tid, vere ute av verda.

Innstilling:

Sakene vert tekne til etterretning.

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak:

Sakene vart tekne til etterretning.

Saksnummer/år: 11/11	
Møtedato: 28.juli 2011	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Orienteringssaker

Saksdokument:

1. Gjennomgang av utkast til valdgrenser og teljande areal v/Trond Stensby. Trond Stensby er ferdig med ein fyrste gjennomgang av grensene for valdet og teljande areal. Han vil orientere om dette i møte og dette må da danne grunnlag for ein diskusjon om vegen vidare i prosessen.

Innstilling:

Sakene vert tekne til etterretning.

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak:

Sakene vert tekne til etterretning med følgjande tillegg.

Kjartan Kvien orienterte om status for arbeidet med utsetjing av rein i Luster.

Saksnummer/år: 12/11	
Møtedato: 28.juli 2011	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Høring av nye jakttider for perioden 1.april 2012 – 31.mars 2017

Saksdokument: Høyringsbrev får Direktoratet for naturforvaltning(DN), dagsett 31.05.2011.
Høyringsnotat frå DN, med forslag til jakttider og enningar.

Saksutgreiing

Under §2 i forskrifta er det, som tidlegar for villrein, foreslege jakttid frå 20.august – 30.september. Dette gjeld alle villreinområder i landet.

Det blir presistert at rettshavarane innanfor dei sentralt fastsette jakttidene kan fastsette tidene for jaktstart og jaks slutt. Dette gjer det mogleg å tilpasse jaktidene mest mogleg etter lokale forhold og interesseavvegingar.

Under §3 Delegering av myndighet, heiter det i punkt 4:

4. Følgende myndighet til å fastsette forskrift er delegert til villreinnemnda:
Utvide jakttida for villrein i sitt villreinområde med inntil 14 dager i løpet av oktober måned når særlige bestandsmessige behov foreligger.

Konklusjon.

Den jakttida som er fastsett fungerer godt for Ottadalen villreinområde. Ein ser derfor ikkje at det er behov for å fremje endringar i neste periode.

Innstilling:

Ottadalen villreinnemnda har ikkje merknader til dei jaktidene som er foreslegne for villrein for perioden 1.april 2012 – 31.mars 2017.

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak:

Ottadalen villreinnemnda har ikkje merknader til dei jaktidene som er foreslegne for villrein for perioden 1.april 2012 – 31.mars 2017.

Utskrift sendt: Direktoratet for naturforvaltning, postmottak@dirnat.no

Saksnummer/år: 13/11	
Møtedato: 28.juli 2011	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Fordeling av tiltaksmidla for 2011.

Saksdokument:

- Brev frå direktoratet via fylkesmannen i Møre og Romsdal . Supplerende tildelingsbrev på miljøområdet-Tiltak i villreinområdene
 2. Søknad om midler frå Ottadalen villreinutvalg.

Saksutgreiing

Direktoratet har fordelt midla frå fellingsavgiftene frå jakta 2010 til dei enkelte villreinområda via fylkesmennene.

I brevet heiter det bl.a:

Direktoratet for naturforvaltning tildeler med dette Fylkesmannen i Møre og Romsdal midler på miljøområdet. Kr. 136 860,-

De tildelte midlene er ikke overførbare til neste år, og eventuelle overskridelser kan ikke påregnes dekket.

Dersom det i forutsetningene for denne tildelingen framkommer at hele eller deler av beløpet kan nyttes til lønnsutgifter, må Fylkesmannen påse at de totale utgiftene inkludert arbeidsgiveravgift ikke overskrider tildelingen.

Rapportering av resultat og forbruk skal for øvrig følge den ordinære styringsdialogen med DN, med økonomirapportering i henholdsvis foreløpig og endelig årsrapport pr 31.08 og 31.12. Dersom forutsetningene for gjennomføringen (framdrift, økonomisk, mv) endres skal DN varsles så snart som mulig.

For Ottadalen villreinområde er det overført fylkesmannen i Møre og Romsdal kr. 136.860,-. Som det framgår av brevet skal midla brukast til villreintiltak og drift av nemndene.

Ottadalen villreinutvalg har søkt om tilskot frå desse midla i brev dagsett 15. juli 2011:

Søknad om økonomisk tilskudd til villreinutvalgets forvaltningsoppgaver

1	En av utvalgets primæroppgaver er å gjennomføre villreinjakten på en tilfredstillende måte. Utgifter til jaktoppsyn inkl. sambandsutstyr antas å bli:	kr 200.000,-
2	Vintertelling (minimumstelling) og kalvetelling utføres fra småfly og helikopter, forventede utgifter	kr 90.000,-
3	Feltarbeid og systematisering av data vedr. registrering av villreinens områdebruk mv	kr 35.000,-
4	<u>Administrasjon, sekretær utgifter, møter mv</u>	<u>kr 125.000,-</u>
	Sum budsjetterte utgifter	Kr
	450.000,-	

Villreinutvalgets bank: 2085.64.27448

Årsmelding med revidert regnskap for 2010 vil som vanlig bli oversendt villreinnemnda.

Skjåk, den 15. juli 2011

Knut Granum (sekr.)

(sign.)

Villreinnemnda må vurdere kva midla skal brukast til. Vanleg praksis har vore å overføre midla til villreinutvalet. I følgje rekneskapen for 2010 hadde villreinutvalet eit underskot på kr. -39411 (kr. -15.208-2009). Sum eigenkapital 31.12.2009 var kr. 791.919,-. Ein ser det som viktig å styrke eigenkapitalen til villreinutvalet.

Innstilling:

Ottadalen villreinnemnd vedtek å løyve kr. 136.860,- av dei tildelte midla frå fellingsavgiftene for 2010 til Ottadalen villreinutval. Fylkesmannen i Møre og Romsdal overfører midla til utvalet sin bankkonto 2085.64.27448.

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak:

Ottadalen villreinnemnd vedtek å løyve kr. 136.860,- av dei tildelte midla frå fellingsavgiftene for 2010 til Ottadalen villreinutval. Fylkesmannen i Møre og Romsdal overfører midla til utvalet sin bankkonto 2085.64.27448.

For å oppfylle informasjonsplikta når det gjeld utlysing av midla skal det frå og med neste år (2012) leggjast ut informasjon om dette på bloggen til utvalet, "Ottadalsreinen".

Utskrift sendt: Ottadalen villreinutvalg v/Knut Granum, 2690 Skjåk.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal for utbetaling av midla.

Saksnummer/år: 14/11	
Møtedato: 28.juli 2011	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Høring av revisjon av forskrift om utøving av jakt, felling og fangst

Saksdokument: Brev frå Direktoratet for naturforvaltning(DN) dagsett 07.07.2011
Høyringsnotat frå DN.

Saksutgreiing

Det er foreslege ei rekkje endringar i forskrifta. Når det gjeld konkrete endringar som vedkjem villrein og jakt på villrein så har ein følgjande merknader:

- §15 ny:

Under jakt og felling er det ikkje tillatt å bruke pistol, revolver, våpen av militær karakter eller helautomatiske våpen.

Kommentar:

Det framgår av både §15 i forskriftsforslaget og utgreiinga side 9 i høyringsnotatet at Direktoratet vil forby alle våpen av militær karakter til jakt.

Dette er ei svært generell formulering. Mange jegerar brukar framleis ombygde militære våpen. Mange har ombygde Mausergevær av type M98 F1 som vart seldt i tusenvis til lokale HV soldatar attende på 1970 og -80-talet. Mange har bygd dei om, ikkje for å fjerne "den militære karakteren", men rett og slett for å få ned vekta. Det er likevel å gå for langt å forby dei som framleis brukar , meir eller mindre originale repeterrifler av militær karakter. Dette er gode bruksvåpen og etterbruk av militære repetervåpen representerer ein viktig del av jaktkulturen gjennom hundrevis av år.. Sekundært er det og eit problem å handheve ein slik regel for oppsynspersonell.

Regelen må formulerast meir presis for å fange opp det som eventuelt er problemet.

- §18 ny: Paragrafen gjeld ordinær skyteprøve for storviltjakt.

Kommentar:

Avvikling av skyteprøvene skjer stort sett om våren og utover forsumaren rundt om i landet. For fallviltpersonell, som er oppnemnt av kommunane, er det krav om godkjent skyteprøve. Skyteprøvene følgjer jaktåret. Det oppstår da eit problem om våren, frå 1.april og fram til avvikling av skyteprøvene startar med at personellet ikkje har godkjent skyteprøve under fallvilt arbeidet. Det bør tilordnast slik at personellet kan drive aktiviteten lovleg. Dette kan gjerast ved at registrert fallviltpersonell i

kommunane får forlenga si periode for skyteprøve med 2 – 3 månader inn i neste jaktår.

Innstilling:

Ottadalen villreinnemnd vedtek høyringsuttale i tråd med utgreiinga i saka.

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak:

Ottadalen villreinnemnd vedtek høyringsuttale i tråd med utgreiinga i saka.

Utskrift sendt: Direktoratet for naturforvaltning, postmottak@dirnat.no